Gloppen kommune

inviterer til
konkurranse
Konsulenttenester – Brannteknisk dokumentasjon

Sak 26/1669

Tilbodsfrist 05.06.2026 kl 16.00

Innhald

1 GENERELL BESKRIVELSE 3
1.1 Oppdragsgjevar 3
1.2 Formål og omfang for anskaffinga 3
1.3 Kontraktsvilkår 3
1.4 Deltilbod 3
1.5 Viktige datoar 3
2 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBUD 4
2.1 Anskaffingsprosedyre og gjennomføring av konkurransen 4
2.2 Offentlegheit og teieplikt 4
2.3 Vedståingsfrist 5
2.4 Oppdatering av konkurransegrunnlaget 5
3 KVALIFIKASJONSKRAV 5
3.1 Registrering, autorisasjon mv. 5
3.2 Økonomisk og finansiell kapasitet 5
3.3 Tekniske og faglege kvalifikasjonar 6
4 TILDELINGSKRITERIUM 6
4.1 Kriterium 6
4.2 Klima og miljø 7
5 INNLEVERING AV TILBUD 7
6 Vedlegg til dette konkurransegrunnlaget 7

1 GENERELL BESKRIVELSE

1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar for denne anskaffinga er Gloppen kommune ved eigedomsavdelinga. For meir informasjon sjå: www.gloppen.kommune.no

1.2 Formål og omfang for anskaffinga

Gloppen kommune skal inngå rammeavtale med éin leverandør om kjøp av konsulenttenester. Oppdraget omfattar utarbeiding av brannteknisk dokumentasjon for kommunale bygg.

Anskaffinga er estimert til 1 200 000 kr ekskl. mva. Beløpet er eit anslag og ikkje bindande for oppdragsgjevar.

Oppdraget gjeld kommunale bygg der brannteknisk dokumentasjon heilt eller delvis manglar. Omfanget vil variere frå bygg til bygg. Tenesta kan omfatte tilstandsanalyse, brannteikningar, orienteringsplanar og rømningsplanar. Planteikningar kan vere aktuelt for enkelte bygg og skal prisast som opsjon.

Kvar bestilling frå oppdragsgjevar skal spesifisere kva leveransar som skal utførast. Leverandøren skal utarbeide ein handlingsplan med prioritert gjennomføring og tilhøyrande kostnadsoverslag for kvart bygg og kvar leveranse.

Tre månadar er standard leveringsfrist per avrop, avhengig av kompleksitet, dersom ikkje anna er avtalt

Avtalen vert inngått for to år, med opsjon på forlenging i eitt år. Oppdragsgjevar bestiller tenester etter behov. Avtalen vert automatisk forlenga dersom han ikkje vert sagt opp seinast tre månader før utløpet av avtaleperioden.

Avtala inneber ikkje kjøpeplikt, men regulerer vilkåra for leveransar i avtaleperioden. Leveransane skjer fortløpande, og kvar bestilling får eigen framdriftsplan innanfor avtalt leveringstid.

1.3 Kontraktsvilkår

Kontrakten vert regulert av NS 8401

1.4 Deltilbod

Det er ikkje tillate å gje tilbod på deler av oppdraget.

1.5 Viktige datoar

Det vert lagt opp til følgande tidsrammer for gjennomføring av konkurransen fram til kontrakt vert inngått. Med unntak av tilbodsfrist kan datoane nedafor verte endra.

Kunngjering av konkurransegrunnlag	11.05.2026
Frist for spørsmål	22.05.2026 kl 16.00
Tilbodsfrist	05.06.2026 kl 16.00
Tilbodsopning	Veke 24
Skriftleg melding om tildeling	Veke 24
Karenstid før kontraktsinngåing	10 dagar etter tildelingsmelding
Kontraktsinngåing	Snarast etter utløp av karenstid
Oppstartsdato kontrakt	01.07.2026

2 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBUD

2.1 Anskaffingsprosedyre og gjennomføring av konkurransen

Anskaffinga vert gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) FOR-2016-08-12-974, del I.

Tilbydar skal følgje krava i konkurransegrunnlaget med vedlegg og melde frå om eventuelle uklarheiter via EU Supply.

Tilbod skal utarbeidast i samsvar med konkurransegrunnlaget og leverast elektronisk via EU Supply. Spørsmål skal sendast gjennom spørsmål- og svarfunksjonen i EU Supply. Svar vert gjort tilgjengelege for alle registrerte deltakarar.

Kontaktperson for anskaffinga er Cecilie Solvang Klakegg, innkjøpskonsulent/økonomirådgjevar.

Feil eller uklarheiter i konkurransegrunnlaget skal meldast til kontaktpersonen i god tid før tilbodsfristen via EU Supply.

For brukarstøtte i EU Supply, kontakt tlf. +47 23 96 00 10 eller e-post: kgv@eu-supply.com.

2.2 Offentlegheit og teieplikt

For allmenta sitt innsyn i dokument knytt til ei offentleg anskaffing gjeld offentleglova.

Oppdragsgjevar og tilsette hos oppdragsgjevar plikter å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar, eller drifts- og forretningsforhold, som det vil være av konkurransemessig betydning å halde hemmelige, jf. FOA § 7-4, jf. forvaltningsloven § 13.

2.3 Vedståingsfrist

Tilbydar er bunden av tilbodet i 90 dagar rekna frå tilbodsfristen.

2.4 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar i konkurransegrunnlaget, samt spørsmål og svar i anonymisert form, vert formidla til alle som har registrert interesse for anskaffinga i EU Supply.

3 KVALIFIKASJONSKRAV

3.1 Registrering, autorisasjon mv.

Krav	Dokumentasjonskrav
Tilbydaren skal være registrert i et føretaksregister, fagleg register eller handelsregister.	• Firmaattest

3.2 Økonomisk og finansiell kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Tilbydaren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne oppfylle kontrakten. Kredittvurdering utan krav til tryggingsstillelse vert rekna som tilstrekkeleg.	• Kredittvurdering basert på siste kjende rekneskapstal. Ratingen skal være utført av ei kredittopplysningsverksemd med konsesjon til å drive slik verksemd. • Oppdragsgjevar tek atterhald om sjølv å innhente ytterlegare kredittrating eller annan økonomisk informasjon, mellom anna årsrekneskap med notar, styret si årsmelding og revisjonsmelding. • Siste årsrekneskap
Tilbydaren skal ha ordna forhold når det gjeld betaling av skatt, mva og arbeidsgjevaravgift	• Skatteattest som ikkje er eldre enn 6 månadar

3.3 Tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	**Dokumentasjonskrav**
Tilbydaren skal ha erfaring frå tilsvarande oppdrag.	Skildring av inntil tre relevante oppdrag utført i løpet av dei siste tre åra. Skildringa skal inkludere verdi på oppdraget, tidspunkt og mottakar (namn, telefonnummer og e-postadresse.) Det er tilbydaren sitt ansvar å dokumentere relevansen av oppdraga. Tilbydaren kan dokumentere erfaring ved å vise til kompetansen til personell som skal nyttast i oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd hos ein annan leverandør.
Tilbydaren skal ha kompetanse til å gjennomføre oppdraget	CV-ar på tilbydd personell

4 TILDELINGSKRITERIUM

4.1 Kriterium

Tildelingskriterium	Vekt	Dokumentasjonskrav
Pris / Kostnad • Under dette kriteriet vert totalpris frå prisskjemaet vurdert (timespris multiplisert med timetal)	60%	• Ferdig utfylt prisskjema, vedlegg 2
Kvalitet • Under dette kriteriet vert følgande vurdert: - Cv-ar på tilbydd personell - Referanseoppdrag	40%	• CV-ar på tilbydd personell • Skildring av inntil tre relevante oppdrag utført i løpet av dei siste tre åra. Skildringa skal inkludere verdi på oppdraget, tidspunkt og mottakar (namn, telefonnummer og e-postadresse.)

4.2 Klima og miljø

Anskaffinga gjeld innkjøp av konsulenttenester. Oppdragsgjevar vurderer at denne typen anskaffing etter sin art har eit ubetydelig klima- og miljøavtrykk, og har vurdert miljøkrav som ikkje forholdsmessige for denne type teneste.

Oppdragsgjevar har derfor ikkje stilt klima- og miljøkrav i denne anskaffinga, jf. forskrift om offentlige anskaffelser §7-9.

5 INNLEVERING AV TILBUD

Tilbod skal leverast elektronisk via oppdragsgjevar sitt EU-Supply innan tilbodsfristen. Tilbod levert på annan måte vert avvist.

Tilbodet er bindande, og tilbydaren har risikoen for eventuelle uklarheiter.

Tilbodet skal utformast i tråd med krava i KGV, og alle punkt i konkurransedokumenta skal vere utfylte. Dokumentasjon skal lastast opp i PDF-format dersom ikkje anna er oppgitt, og prisskjema skal leverast i Excel-format.

Følgjande dokumentasjon skal inngå i tilbodet:

- Tilbodsbrev og eventuelle atterhald
- CV-ar for tilbydd personell
- Referanseliste
- Firmaattest
- Kredittvurdering
- Siste årsrekneskap
- Skatteattest
- Prisskjema

6 Vedlegg til dette konkurransegrunnlaget

Vedlegg 1 – Kravspesifikasjon
Vedlegg 2 - Prisskjema
Vedlegg 3 – Tilbodsbrev og tilbydars atterhald